



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 10.04.2019
Vår ref.: 2019/6215-2
Saksbehandlar: helmoe_
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - riving av lemstove og oppføring av ny kårbolig på gbnr 84/1 og 3 Haukeland søndre - Radøy kommune

Viser til brev datert 21.03. 2019 om ovanfor nemnde sak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt mynde innan kulturminnevern. Vi gjer merksam på at vi berre har teke stilling til den delen av saka som gjeld riving av lemstova og oppføring av ny bustad på same stad.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon for å få dele frå det nyaste bustadhuset på landbrukseigedomen, samt utbetre tilkomstvegen og avkjøyringa frå fylkesvegen til garden. Søknaden om frådeling av bustadhuset på eigedomen blei seinare redusert slik at overflatedyrka mark ikkje blir med inn i parsellen, men blir liggande på hovudbruket. Dette på bakgrunn av ein uttale frå fylkesmannen. Det er i samband med frådelingssaka i LNF-området sendt inn søknad om dispensasjon og søknad om løyve til riving av eksisterande våningshus og oppføring av nytt.

Vurdering

Den oversendte søknaden inneheld ikkje noko informasjon eller dokumentasjon av den bygningen som tiltakshavar ønsker å rive, og er soleis mangelfull. Vi vel likevel å gje fråsegn i saka.

Ut frå opplysningsar vi har funne fram til, er våningshuset oppført i 1918. Det er ei lemstove, ein bustadtype som blei det typiske vestlandske bustadhuset på 1800-talet. Mange av desse bygningane er i ferd med å forsvinne. Dette uroar kulturminnemyndet, som meiner at både bygningsmiljøet og kulturlandskapet på bygdene forringa når lemstovene forsvinn.

For å sikre denne bygningstypen for ettertida, er det fleire løysningar som bør vurderast med omsyn til tilrettelegging og istandsetting for ny bruk. For å diskutere saka, kan de ta kontakt med oss på e-post; til gunnbjorg.austrheim@hfk.no

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune rår i frå at det blir gjeve dispensasjon til å rive lemstova på gbnr. 84/1 og 3 Haukeland sør i Radøy kommune. Vi oppmodar kommunen til å ta kontakt for å finne ei løysing. Vi bed om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1382.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Helene Moe
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakshandsamarar: Gunnbjørg Austrheim og Helene Moe